

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FE - 231	15/848

Saknr	Utval	Type	Dato
122/2015	Formannskapet	PS	20.10.2015
078/2015	Kommunestyret	PS	28.10.2015

### Kommunale gebyr 2016 - Masfjorden kommune

#### Vedlegg:

Gebyr\_Samanlikning 2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2016 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.**

#### Heimel

Plan- og bygningslova,

Matrikkellova,

Lov om seksjonering,

Jordlov og konsesjonslov

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Masfjorden kommune har i dag eit generelt nivå på sine gebyr som ligg i underkant av

gjennomsnittet for kommunane i regionen. Dei siste åra har gebyrsatsane i Masfjorden vorte

meir normalisert i høve til nabokommunane. Gebyra vert juster kvart år i samband med

budsjetthandsaminga.

#### Fakta

Realiteten i høve til sjølvkost er at det er svært utfordrande å oppnå "sjølvkost" innafor byggesak, deling, oppmåling og plansaker. Årsakene til dette er at kommunen har relativt få søknade – og at kommunen samtidig ønskjer å påverke busetjinga positivt. Stigninga på gebyrsatsane vert på 2,46% i forhold til 2015.

### **Vurdering**

Å oppnå sjølvkost innafor desse tenestene er difor urealistisk i Masfjorden kommune – isolert på grunn av liten saksmengde. Betalingssatsane bør likevel liggje gjennomsnittleg i høve til kommunane i Nordhordland elles - slik at underdekninga blir minst mogeleg. Eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i forhold til omliggjande kommunar - vil truleg ikkje ha merkbare konsekvensar for busetnad og tilflytting. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting må forskjellane vera store.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

### **Formannskapet - 122/2015**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2016 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.**

### **Kommunestyret - 078/2015**

#### **KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2016 i Masfjorden kommune vert vedteke slik**

**det ligg føre som vedlegg.**